



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Samfunnshus Svelgen
Dato:	21.05.2026
Tid:	Kl. 15:00 - 15:30

Følgjande medlem møtte	Parti
Anne Kristin Førde	AP
Camilla Landro	AP
Frank Midtbø	AP
Herborg Hilde Eikeland	AP
Nils Jørgen Sagebø	AP
Elisabeth Birkeland Hatlenes	H
Jorunn Petrine Frøyen	H
Stig Bakke	KrF
Henny Margrete Hansen	SP
Vibeke Kjerpeset Os	SP
Øyvind Heimtun	SP
Leo Husabø Holm Cirotzki	SV
Norvall Klungresæter	U
Geir Magne Røys	V
Jeanette Kristiansen Grotle	V
Svein Olav Senneset	V
Kristin Andrea Svanøe Hjelle	VIP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti		
Harry Gulestøl	H	Per Røys	H		
Magne Ivar Kjerpeset	SP	Kjell Ottar Leirgulen	SP		
Evy Merete Myklebust	V	Hilde Marie Klungreseth	V		
Svein Arne Torvanger	V	Oddvar Øyvind Hauge	V		
Kjell Sørland	VIP				
Ole Marius Lien	VIP	Arnfinn Frøyen	INP	U	VIP

Merknad:

Kommunestyret handsamar sak rett etter at budsjettkonferansen er avslutta.

Møtenotater:

Orientering:

Synfaring:

Underskrifter:

_____	_____	_____
_____	_____	_____

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
013/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/26	Midlertidig endring av alkohollova sine avgjersle om maksimaltid for skjenking under fotball VM for herrer

013/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Kommunestyret den 21.05.2026 vert godkjende slik dei ligg føre.

Kommunestyret 21.05.2026:

Handsaming:

Kommunestyre vart sett med 22 representantar. Det lukkast ikkje å kalle inn vara i VI partiet.

KST- 013/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Kommunestyret den 21.05.2026 vart godkjende slik dei låg føre.

014/26: Midlertidig endring av alkoholova sine avgjersle om maksimaltid for skjenking under fotball VM for herrar

1. Bremanger kommunestyre gjev dispensasjon frå alkoholpolitisk plan, og vedtek midlertidig utviding av skjenketider for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 inntil kl. 08.00, med samsvarande opningstider, i perioden 11.juni til 19. juli 2026.
2. Utviding gjeld berre for skjenkestadar med serveringsbevilling og som viser direktesende kampar under fotball-VM.
3. Skjenkinga gjeld ikkje for skjenking i uteareal.
4. Skjenkestaden skal syte føre tilstrekkeleg bemanning og vakthald.
5. Utvidinga er ikkje generell for alle skjenkestadane i kommunen, skjenkestadane som ønskjer utvida skjenke- og opningstid må søkje om dette.

Kommunestyret 21.05.2026:

Handsaming:

Dette kom fram i saka:

- Ønskjer ikkje opne for utvida skjenking då ein er bekymra for skadeverknadane

av alkohol. Spesielt med tanke på barn og unge.

- Ein bør gje skjenkestadane moglegheit for å skjenke ute under den utvida skjenketida dersom dei ønskjer det.
- Det kan komme arrangement seinare der det er like god grunn til å utvide skjenketida – kor skal grensa gå?
- Nokre fann det merkeleg at forslaget om utviding er fremma av Helse- og omsorgsdepartementet då dei er ansvarlege for at Noreg har ein streng alkoholpolitikk.

Desse røysta for framlegget frå kommunedirektøren: Ap ved Ann Kristin Førde, Nils Jørgen Sagebø, Frank Midtbø, Herborg Eikeland og Camilla Landro. VI partiet ved Kristin Hjelle og Arnfinn Frøyen. SP ved Henny Hansen, Øyvind Heimtun, Vibeke Kjerpeset Os og Kjell Ottar Leirgulen. SV ved Leo Cirotzki. Uavhengig ved Per Røys. Venstre ved Hilde Klungreset.

Desse røysta imot framlegget frå kommunedirektøren: Venstre ved Svein Olav Senneset, Geir Magne Røys, Jeanette Kristiansen Grotle og Oddvar Hauge. Høgre ved Jorunn Frøyen og Elisabeth Hatlenes. Uavhengige ved Norvall Klungresæter. Krf ved Stig Bakke.

Framlegget frå kommunedirektør vart vedteke med 14 mot 8 røyster.

KST- 014/26 Vedtak:

Med 14 mot 8 røyster:

1. **Bremanger kommunestyre gjev dispensasjon frå alkoholpolitisk plan, og vedtek midlertidig utviding av skjenketider for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 inntil kl. 08.00, med samsvarande opningstider, i perioden 11.juni til 19. juli 2026.**
2. **Utviding gjeld berre for skjenkestadar med serveringsbevilling og som viser direktesende kampar under fotball-VM.**
3. **Skjenkinga gjeld ikkje for skjenking i uteareal.**
4. **Skjenkestaden skal syte føre tilstrekkeleg bemanning og vakthald.**
5. **Utvidinga er ikkje generell for alle skjenkestadane i kommunen, skjenkestadane som ønskjer utvida skjenke- og opningstid må søkje om dette.**